

KVENVEIT

TEMAHEFTE FOR KUNNSKAPSTEVLINGA KVEN VEIT? 2022



TEMA: FRIVILLIGHEIT

KVEN VEIT? 2022

Du sit no med studieheftet
til Kven veit? 2022 i handa.
Tema for tevlinga i år er
Frivilligheit.

FRIVILLIGHEIT

«Men lokalt demokrati lot vente på seg. Ikke så mye fordi stemmeretten var begrenset. Men fordi man manglet et sivilt samfunn som kunne gi grobunn for alternative meninger.»

Victor Norman, foredrag i Risør om Risørs historie, 12. oktober 2021.

I dette temaheftet til bruk i Kven veit-tevlinga i Frivillighetsåret 2022 skriv vi om demokrati, dugnad og frivilligheit, med ungdomslaga som utgangspunkt.

DEMOKRATI

Om lag halvparten av menneska i verda lever i dag i eit demokrati, og Norge blir rekna som det mest demokratiske landet i verda, heiter det i ein temaartikkel på allkunne.no. «Demokrati vil seie at medlemene i eit kollektiv er med og tek viktige avgjerder som jambyrdige. Ordet kjem frå gresk og tyder folkestyre: *demos* = folk + *krati* = styre. Omgrepet viser vanlegvis til eit politisk system der folket vel politiske representantar gjennom frie val, og der alle borgarane er sikra grunnleggjande rettar til å ta del i samfunnslivet. Vi snakkar òg om demokrati i skulen, i arbeidslivet og i organisasjonar. Då tyder det at elevar, tilsette eller medlemmer er med og tek viktige avgjerder etter demokratiske prinsipp.

Ein grunnregel i demokratiet er at det ikkje er éin eller nokre få som bestemmer, men fleirtalet. Demokratiet kan likevel ikkje la makta til fleirtalet vere uavgrensa. For at

heile folket skal ha del i samfunnsstyret, og ikkje berre dei som til ei kvar tid er i fleirtal, må alle borgarar sikrast gode vilkår for fri meiningsdanning, og minoritetar må vere sikra mot overgrep. Dette føreset mellom anna ei fri presse, eit mangfaldig sivilsamfunn, allmenn skulegang og vern av menneskerettar, til dømes ytrings- og trusfridom.

Dei demokratiske samfunna i dag er som regel liberale, konstitusjonelle demokrati. Det vil seie at dei har ei grunnlov som fastset dei overordna spelereglane for folkestyret, og at mindretalsvern og menneskerettar er sikra gjennom uavhengige institusjonar.»

DUGNAD

dugnad m., m1 (norrønt *dugnaðr* 'hjelp'; av duge) felles, uløna og frivillig arbeid, ofte av praktisk karakter. (Nynorskordboka)

Dugnad som ord er ikkje så lett å omsette til eitt ord på dei fleste andre språk. Men heilt særnorsk er det ikkje. Også finsk *talkoot* og estisk *talgud* er ord som betyr 'kollektiv frivillig arbeidsinnsats'. *Talka* betyr 'dugnad' både på latvisk og litauisk, mens svensk-talande i Finland seier *talko*. I Sverige heiter det *kollektiv arbeidsinnsats*, mens det på engelsk kan heite *voluntary work*, på tysk *Gemeinschaftsarbeit* og på fransk *travail de groupe*.

Vi likar å sjå på dugnad og innhaldet i ordet som noe gjevt og viktig? *Dugnad* kåra til Norges nasjonalord i ei avstemming organisert av NRK i 2004.



NOREGS UNGDOMSLAG

Redaktør: Jan Kløvstad
Bladbunad: Flisa Trykkeri AS
Framsidedfoto: Unsplash
Øvre Slottsgate 2B 0157 Oslo
Telefon 24 14 11 10
E-post: post@ungdomslag.no
Nett: www.ungdomslag.no


Følg oss på Facebook og Instagram:
facebook.com/noregsungdomslag
Instagram.com/ungdomslag

*Tekst i heftet: Jan Kløvstad,
der ikkje anna er oppgjeve.*

FRIVILLIG

ARBEID I NORGE

Frivillighet Norge definerer frivillig virke som virksomhet, som for det vesentligste er basert på frivillige gaver/innsamlede midler og/eller frivillig tidsbruk, og som har et ikke-kommersielt formål.



HVA ER FRIVILLIGHET?

Et eksempel som faller utenfor definisjonen av frivillig arbeid er når det offentlige rekrutterer pårørende som frivillige innenfor den kommunale eldreomsorgen i den hensikt å drive aktiviteter som også impliserer oppfølging av nære slektninger.

ILO (International Labor Organization) definerer frivillig arbeid som: ”ikke-obligatorisk arbeid, det vil si den tiden en person bruker på å utføre en eller flere aktiviteter - enten gjennom en organisasjon, eller direkte overfor andre utenfor egen husholdning - uten å ta betalt.” (ILO Manual on the Measurement of Volunteer Work side 13). Definisjonen vektlegger at frivillig arbeid innebærer at tjenesten eller aktiviteten blir foretatt uten at det utbetales lønn. I tillegg må tjenesten eller aktiviteten være til fordel for samfunnet, miljøet, eller andre enn nære slektninger eller personer som kan regnes til egen husholdning.

FNs Handbook on Non-Profit Institutions in the System of National Accounts vektlegger i større grad enn ILO-dokumentet at den frivillige virksomheten må springe ut av en institusjonell organisering. Med institusjonell

organisering menes i FN-dokument; ”en viss grad av intern organisatorisk struktur som kan kjennetegnes gjennom konsistente mål, oppbygging og aktiviteter, gjenkjennelige organisatoriske rammer eller statutter eller vedtekter som definerer premissene for deltakelse.”

HVA ER EN FRIVILLIG ORGANISASJON?

En frivillig organisasjon er en sammenlutning av personer eller virksomheter som driver virksomhet på ikke- fortjenestebasert og ikke-offentlig basis, jf. definisjonen i frivillighetsregisterloven §§ 3 og 4, og baserer en vesentlig del av driften på medlemskontingenter, gaver, innsamlede midler og/eller frivillig arbeidsinnsats.

En frivillig organisasjon kan være:

- en forening (lag, forbund, nettverk eller en paraplyorganisasjon) med medlemmer og demokratisk oppbygging, eller
- en stiftelse eller ideelt aksjeselskap som ikke deler ut midler eller som bare foretar utdelinger til frivillig virksomhet, jf. definisjonen i frivillighetsregisterloven §§ 3 og 4.



Nøkkelfakta

OM FRIVILLIGHEIT

I dette heftet nyttar vi mykje 2019 som «normalsituasjonen», sidan koronapandemien frå mars 2020 har gitt utslag vi ikkje veit dei kortsiktige og langsiktige verknadene av ennå.
(Frå www.frivillighetnorge.no)

FRIVILLIG INNSATS

- Den frivillige arbeidsinnsatsen i de frivillige organisasjonene i Norge tilsvarer 142 000 årsverk (SSBs satellittregnskap for frivillig sektor 2020).
- 63 % av befolkningen (over 15 år) har gjort frivillig arbeid i løpet av det siste året (Frivillighetsbarometeret 2019).

MEDLEMSKAP

- 78 % av befolkningen er medlem i minst en organisasjon, og 48 % av befolkningen

er medlem i minst to organisasjoner. (SSBs Levekårsundersøkelse 2020).

ØKONOMI

- Frivillig arbeid bidro med en verdiskapning tilsvarende 78 milliarder kroner i 2018 (SSBs satellittregnskap for frivillig sektor 2020).
- Inntektskildene til ideelle og frivillige organisasjoner er 27 % statlige og 17 % kommunale og fylkeskommunale midler gjennom overføringer og kjøp av tjenester,

45 % fra husholdninger og 12 % andre private aktører (SSBs satellittregnskap for frivillig sektor 2020).

Kilder:

SSBs satellittregnskap for frivillig sektor 2020.
SSBs Levekårsundersøkelse 2020.
Frivillighetsbarometeret 2019.

OPPSUMMERING AV HOVUDFUNNA I KARTLEGGINGA OM 2019:

FORTSATT STABIL DELTAKING I FRIVILLIG ARBEID

63 % seier at dei har gjort frivillig arbeid i løpet av 2019. Både tal enkeltmenneske og kor ofte dei gjer frivillig innsats har vore stabilt i fleire år. Blant dei med lågast inntekt er det noe lågare deltaking enn blant dei med høgare inntekt. 62 % seier dei ikkje har blitt forsøkt rekruttert til frivillig arbeid det siste året. Det er i større grad dei som alt er frivillige som blir spurt om å vere med. Samtidig seier 52 % av dei som ikkje er frivillige at dei kunne tenke seg å gjere frivillig arbeid for noko dei er opptekne av.

IKKJE LIKE LETT FOR ALLE

18 % av oss fortel at dei har latt vere å bli med i fritidsaktivitetar fordi dei har dårleg økonomi, og i familiar med fleire personar og barn er dette talet høgare: 27 % med eitt eller to barn under 15 år har ikkje vore med i frivillig arbeid.

TILLIT TIL DEI FRIVILLIGE

88% er samd eller svært samd i at folks frivillige engasjement er med på å utvikle og gjere kommunen dei bur i rikare. 46 % meiner det er svært viktig at kommunen legg til rette for frivillige organisasjonar, lag og foreningar.

16 % svarar at dei synest det er litt vanskeleg å få oversikt over fritidstilbod for barn og unge. For familiar med barn under 15 år er talet høgare. Her

svarar 37 % med to barn at det er litt vanskeleg å få denne oversikta.

Heile Frivillighetsbarometeret 2019 kan lesast på <https://www.frivillighetnorge.no/nyheter/frivillighetsbarometeret-2019/>

Frivillighetsbarometeret for 2021 viser naturlig nok ein tydeleg nedgang i frivillig arbeid frå åra før, men mange ønsker å vere frivillige. Fleire av funna viser at folk saknar fellesskapet i organisasjonslivet. Barometeret for 2021 viser at 55 % har gjort frivillig arbeid dei siste 12 månadane. Det er ein stor nedgang frå 66 % i 2020.

4 av 10 seier dei har blitt hindra frå å gjere frivillig arbeid grunna koronapandemien. Dei grunnane flest nemner, er avlysing av aktivitet, redsle for smitte, at dei er i ei risikogruppe, eller at arbeidsoppgåvene blei endra.

EINSEMD

Enda verre er det at 42% seier at dei har vore einsame siste året. Det er flest blant dei yngste som har opplevd einsemd, og færrest blant dei som gjer mykje frivillig arbeid. Frivillig arbeid motverkar einsemd.

Heile det nyaste frivillighetsbarometeret er her: <https://www.frivillighetnorge.no/nyheter/frivillighetsbarometeret-2021/>



Frivilligheitas år 2022

2022 er Frivilligheitas år i Norge, vedtatt etter at Frivilligheitsmeldinga blei lagt fram av kulturminister Trine Skei Grande i desember 2018. Målet med året er å feira Norges viktigaste lagarbeid: frivilligheita. Hundrevis av lokalforeiningar over heile landet vil markere VÅR DAG i Frivillighetens år.

Noregs Ungdomslag har valt 22. februar som vår dag. Mange ungdomslag har søkt DnB om arrangementsstøtte til denne dagen. Og hvorfor 22. februar:

Hulda Garborg, (født Borgersen) 22. februar 1862, var forfatter og kulturentreprenør og folkeopplysar. Hulda Garborg var med på å grunnleggja Det Norske Teatret i 1912 og var den første styreleiaren der. Ho skreiv meir enn 40 større og mindre bøker, var dramatiker og sceneinstruktør og gjorde stor kulturhistorisk innsats for å gjenopplive folkevisedansen og bunadstradisjonen i Noreg. Eit av Norges mest spelte amatørteaterstykke er «Rationelt fjøsstell», som, Hulda Garborg skreiv i 1896. I jubileumsåret 2021 har Olaug Nilssen på oppdrag frå Noregs Ungdomslag modernisert «Rationelt fjøsstell» til vår tid.

Hulda Garborg debuterte som romanforfatter med *Et frit Forhold* i 1892 og som dramatiker med *Mødre* i 1895. Deretter gav ho ut bøker og skrift nesten årleg, romanar, skodespel, dikt, debattbøker og folkeopplysningskrift og sjølvbiografiske bøker. På allkunne.no skriv Sigrid Bø Grønstøl blant anna om Garborg at «Ho hadde mange lesarar i samtida, og bøkene hennar vekte oppsikt og diskusjon. *Kvinden skabt af Manden. Studie af en Kvinde*, som ho gav ut anonymt i 1904, vart trykt i ti opplag og omsett til svensk og tysk. Hulda Garborg var ein produktiv og populær dramatiker. Ho skreiv større drama og mindre farsar og lystspel. Den vesle komedien *Rationelt Fjøsstell*, 1896, vart trykt i åtte opplag. Hulda Garborg vanka i det radikale miljøet i hovudstaden på 1880-talet, gjekk på politiske møte i Christiania Arbeidersamfund og på landsmålsskule hos Ivar Mortensson. Ho var venstrepolitisk, republikanar og målmanneske. Ho skreiv dei fleste bøkene på riksmål, ofte med dialekt-innslag, men diktsamlinga *Kormoe* (1930) og den sjølvbiografiske *Barndomsminne*

(posthumt i 1935) er på nynorsk. Med naturalistiske bøker frå Kristiania i åttiåra var Hulda Garborg ein kvinneleg bohem-forfattar. Ho undersøkte og kritiserte frigjeringsideane frå manns litteraturen i tida ut frå kvinners økonomiske og sosiale forhold.

FOLKEOPPLYSAREN

Å gjenreise kulturen på dei norske bygdene var eit mål for Hulda Garborg. I heftet *Norsk klædebunad*, 1903, gjenopplivar ho dei gamle festbunadene og gir råd om syng og stell. Ho studerte folkevisene og songdansen på Færøyane og gav ut bøker om song- og danseviser i Noreg. Ho var sjølv danseinstruktør, drog på turnear og spreidde kunnskap om folkedansen. Som pioner for nynorsk teater etablerte ho i 1910 amatørgruppa Det Norske Spellaget, som var forløparen til Det Norske Teatret.

Hulda Garborg skreiv artiklar i aviser og blad. I landsmålsavisa *Den 17de mai*, som ho også heldt liv i økonomisk utover i 1920-åra, hadde ho ei spalte om husstell og matlaging som seinare kom i bokform, *Heimstell*, 1899. *Matstell paa Landsbygdi*, 1907, er den første kokeboka på norsk mål. Hulda reiste mykje i Europa og USA og arbeidde for ein matkultur som kombinerte det heimslege med det internasjonale.

SAMLIV OG SIVILISASJONSKRITIKK

Tema som kjærleik og samlivsformer, kvinnespsyke og frigjering er under utforsking i bøkene hennar. I fire bygderomanar frå Hedmark (1920–1925) gav ho hovudpersonen mange trekk frå sitt eige liv og plasserte henne i samtida mellom arbeidarrørsle, folkehøgskulerørsle og opplysningsfilosofi.

Hulda Garborg skreiv ei eiga bok om Rousseau, *Rousseau og hans Tanker i Nutiden* (1909), der ho slutta seg til hans syn på pedagogikk, politikk og frigjerings-spørsmål. Ho kritiserte den moderne industrialiserte bysivilisasjonen og priste natur, tradisjon og livsformer på landsbygda.»



FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

Vi presenterer ungdomslaga og organisasjonar
Noregs Ungdomslag samarbeider mykje med.

NOREGS UNGDOMSLAG

Ungdomslag heilt frå 1868, eller kanskje 1853?

Noregs Ungdomslag feirar 125-årsjubileum i 2021, 125 år etter at landslaget blei stifta i Trondheim i 1896. I alle desse åra har styret, tilsette og tillitsvalde på alle plan arbeidd for det lokale ungdomslaget. Kanskje kunne vi like godt feira at det er 153 år sidan det som av dei fleste er rekna som det første ungdomslaget. Vinteren 1868–1869 skipa ein 18 år gamal gut frå Sel i Gudbrandsdalen eit

lag som han gav namnet *Mølju*, skriv Mona Klippenberg i 100-årsboka *Ungdomslaget. Noregs Ungdomslag 1896–1996*. Laget hadde ikkje noe konkret formål, men skulle vere ein stad «der ungdom av begge kjønn skulle kunna koma saman om slikt som kan gjeva næring til eit vakkert ungdomsliv». Guten heitte Ivar Blekastad, og laget hans blir rekna som det første frilyndte ungdomslaget.

Inspirasjonen kom frå Christoffer Bruuns folkehøgskole Vonheim i Gausdal, der Ivar

Blekastad hadde vore elev. Bruun hadde henta inspirasjonen frå den danske folkeopplysaren, dikteren og presten Nikolai Frederik Severin Grundtvig, med eit menneskesyn folkehøgskolen og ungdomslagsfolk har dyrka i tillegg til å skape reint sosiale møteplassar. Edvard Hoem formulerte denne grunntanken slik i ein stemnetale i Molde i 1980: *Eit menneske er ikkje berre kva det er født til å vere, men kva det veks seg til å bli.*

Innspeiling av dansefilmar
til Folkepedia.

Foto: Halldis Folkedal.





Ine Marie Kvamstad, Skogn ungdomslag øvst, Chanel Solberg frå Marnardal ungdomslag i midten og Sofie Hegg-Lunde frå Mjeldalen ungdomslag i improkappleiken på sommarleiren.

Foto: Thor Hauknes, 2018.

Kanskje skal vi så langt tilbake som i 1853? I ein artikkel i tidsskriftet *Folkevennen* skildrar Ole Vig nøyte den foreiningstypen som skulle kome til å få den første gullalderen sin 30–40 år seinare – altså dei frilyndte ungdomslaga. Like etter at Mølju var stifta, kom Det unges Forbund på Frosta og Botngrenda i Hardanger. Innstranda ungdomslag i Hardanger blei stifta i 1872 og er truleg det eldste ungdomslaget i Norden – og med det i heile verda – som framleis er i aktivitet. Det kom ungdomslag over heile landet, først i sør, og etter kvart også i nord. Vårbrudd i Vadsø var det første laget i Finnmark, i 1896, etter at det første laget i Troms var Ungdomslaget Fram i Kvæfjord (1892) og det første nord i Nordland var i Tysfjord i 1893. (Frå Jan Kløvstad: *Levande lokalkultur. Noregs Ungdomslag 1996-2021*. Bokhuset Forlag, 2021)

Vi hoppar frå 1893 heilt til nå:

Noregs Ungdomslag anno 2020 og 2021. Årsmeldinga i Noregs Ungdomslag for 2020 viser tal i to heilt ulike år: Koronaåret 2020 og det vanlege året 2019.

Styret og dei tilsette på NU-kontoret deltok til saman på 235 MØTE i 2020 (2019: 103). Styret i NU handsama 149 SAKER i 2020 (2019: 105). Noregs Ungdomslag fekk i 2020 ein auke i statsbudsjettet 2021 på 200 000 kr til vidare arbeid med å kartlegge organisasjonseide HUS OG KULTURBYGG. KORONA er nemnt 47 gonger i sakspapira frå styremøta i 2020 (2019: 0). Dei tilsette på NU-kontoret hadde omlag 180 dagar med HEIMEKONTOR. Det vart sendt ut 32 NYHEITSBREV til styremedlemmar i lokallag og fylkeslag i 2020 (2019: 11). Det var gjennomført EITT fysisk styremøte, TO delvis digitalt og fysiske styremøte og

ÅTTE digitale STYREMØTE i 2020. I 2020 kartla Huset i Bygda til saman 700 FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR i Møre og Romsdal.

NU hadde sitt FØRSTE DIGITALE landsmøte og landsråd i 2020. Det vart gitt tilskot til 8 306 KURSTIMAR I 2020. (2019: 15 882). Det vart skipa til 11 NETTMØTE i 2020. 358 DELTAKARAR fordelt på 65 LAG frå 10 FYLKE tevla i Kven veit? 2020.

Medlemstalet er litt vanskeleg å ha heilt nøyaktig i ein pandemi. Men medlemstalet har vore stabilt rundt 13200–14500 i åra 2016 til og med 2019. Utfyllande opplysningar om Noregs Ungdomslag er å finne både på www.ungdomslag.no og i den nye 125-årsboka *Levande lokalkultur. Noregs Ungdomslag 1996-2021*.



FRILYNT NORGE

Frilynt Norge, stiftet i 1965, er Norges største teaterorganisasjon for både barn, ungdom og voksne. Vi har cirka 18 500 medlemmer i 200 teatergrupper, revyag, ungdomslag og kulturforeninger over hele landet. Frilynt er partipolitisk, religiøst og språklig nøytralt. Frilynt Norge skal være et innovativt, faglig, interessepolitisk, servicerettet og nettverksbyggende kraftsentrum og ressurscenter til beste for frivillig amatørteater, scenekunst og kulturliv lokalt i hele landet; både for barn, ungdom og voksne. Relasjonsbygging, mestring og læring med fokus på hele mennesket i møtet med kulturuttrykk er sentralt. (Formålet til Frilynt Norge).

Ved hovedkvarteret i Sandefjord drifter Frilynt et nasjonalt ressurscenter for lokalt amatørteater- og kulturliv. Her får du tilgang til kostymer, kulisser, rekvisitter, manus, teatersminke og spesialeffekter, manus og kompetanse. I tillegg forvalter vi flere støtteordninger for medlemmene. Vi skal være en ambisiøs, offensiv og operativ organisasjon

i søken etter å skape relevante tjenester og tilbud for medlemsgruppene i hele landet. Frilynt Norge har i dag en omsetning på ca. 18 millioner kroner i året.

Vi har 8 ansatte tilknyttet den nasjonale virksomheten og et aktivt styre som alle er opptatt av medlemspleie, utvikling av relevante medlemstilbud og interessepolitisk arbeid. Tett kontakt og oppfølging av medlemmene er viktig. Derfor er vi ute på en rekke lagsbesøk hvert år. Over 200 000 publikummere besøker teater- og revyproduksjonene hos våre medlemmer hvert år. Teatergruppene står for mer enn 350 produksjoner og 1700 forestillinger lokalt – og aktiviserer over 28 000 aktive amatørteaterfolk fra nord til sør.

Teatergruppene og revyene i Frilynt produserer over 30 000 kurstimer i ulike teater- og kulturfag – godkjent av Studieforbundet kultur og tradisjon hvert år. (Frå www.frilynt.no)



FOLKORG

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans vart stifta laurdag 21. november 2009 som ei samanslutning av Landslaget for Spelemenn (stifta 1923) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (stifta 1987). Organisasjonen har i dag omlag 4 500 enkeltmedlemmer og 150 lokale spel- og danselag. Organisasjonen har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke rolla og vilkåra deira i samfunnet, og med det fremje både kulturarv og god folkehelse.

Visjon: «Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og framstå som ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon» FolkOrg vil sikre best moglege vilkår for lag, utøvarar og arrangørar. Dette er med på å sikre høgt kunstnarleg nivå, god rekruttering, breidd og vidareføring av tradisjonane på området.» Vi har desse måla:

Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sterkt.

- Det er attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det er attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det er attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

Folkemusikken og –dansen i Noreg er kjent og synleg nasjonalt og internasjonalt

- Det er auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans.
- Det er auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans.

FolkOrg er ein viktig ressurs for folkemusikk og -dansefeltet.

- Kompetansen og erfaringa til medlemmene blir nytta og gjort synleg.
- Det er attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg er ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør.
- FolkOrg er ein attraktiv samarbeidspartnar. (Frå www.folkorg.no)



NORGES HUSFLIDSLAG

Norges Husflidslag er en kultur- og interesseorganisasjon som er ledende aktør innen kulturvern, handlingsbåren kunnskap og næringshusflid. Vi ble stiftet i 1910, og har 23 000 medlemmer over hele landet.

Norges Husflidslag sine medlemmer er fordelt på 19 fylkeslag, 365 lokallag, 36 husflidsbutikker og 165 profesjonelle husflidhåndverkere.

Kjernen i organisasjonens aktivitet

Det er vel 63 000 kurstimene som våre lag står for gjennom året, i bunadtilvirkning, tredreining, smiing, veving og mye annet. De fleste av kursene skjer i regi av våre lokallag. Disse har til sammen over 15.000 deltakere på 2 500 kurs i husflid årlig, organisert gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon.

Organisasjonens fremste styrke

Det er kunnskapen som ligger i hendene til våre medlemmer. Dette, kombinert med et fagapparat av husflidskonsulenter over hele landet, gjør at vi siden 1910 har holdt husflidskunnskap i hevd. På grunn av denne ekspertisen ble Norges Husflidslag i 2014 UNESCO-akkreditert innen konvensjonen om vern av immateriell kulturarv.

Ønsker du å påvirke arbeidet i Norges Husflidslag?

Våre medlemmer har mange muligheter til å engasjere seg og få innblikk i hva som rører seg innen fagfeltet. Lokallagene drives av frivillige og arrangerer kurs og møteplasser. De trenger deg som har kompetanse innen

husflid og håndverk og vil lære det videre, deg som vil være med å organisere arrangementer, engasjere deg i organisasjonsarbeid eller bidra med kommunikasjonsarbeid og sosiale medier. Som medlem kan du få mulighet til å representere ditt område og stemme på landsmøtet.

Er du ung kan du få spennende innblikk i organisasjonsarbeid og bli med i arbeidet med å få flere ungdom inn i organisasjonen. Gjennom Ungdomsrådet deltar unge direkte i planleggingen av Ung Husflid.

Støtt oss i arbeidet med å fremme holdbart håndverk og ivareta en levende kulturarv. Som medlem bidrar du til å styrke arbeidet vårt og gjøre oss sterkere. Du er viktig for oss! Norges Husflidslag har medlemskap for private og profesjonelle, barn og unge, og bedrifter og organisasjoner.

Hovedkontoret ligger i Oslo og organisasjonen har 28 ansatte, hvorav 17 husflidskonsulenter har sin daglige arbeidsplass ute i fylkene.

Vår satsing på barn og unge, Ung Husflid, finnes i et stadig økende antall. Tidsskriftet Norsk Husflid utgis av Norges Husflidslag 5 ganger i året, og er et ledende kulturtidsskrift og fagblad om husflid og håndverk, med et opplag på 26 000.

Norges Husflidslag er akkreditert som rådgivende organ for UNESCO. Norges Husflidslag er støttet av Kulturrådet. (Frå www.husflid.no)





4H – Å LÆRE VED Å GJØRE!

4H Norge er en stor og aktiv organisasjon med over 11 000 medlemmer fordelt på ca. 550 4H-klubber over hele landet. Medlemsalderen er 10-26 år. I 4H får medlemmene mulighet til å utvikle seg selv, og være del av et sosialt fellesskap der alle har omsorg for hverandre. Det stilles ikke spesielle krav for å bli medlem.

Aktiv og samfunnsengasjert ungdom

Formålet til 4H er å utvikle en aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarsfølelse og respekt for natur og mennesker, og 4Hs målsetting uttrykkes gjennom 4H-løftet. Grunnlaget for organisasjonens arbeid finnes i naturbruksnæringene og lokalmiljøet. 4H bygger på en ide om å lære om samspill i naturen.

4H-prosjekt

Hvert år gjennomfører 4H-medlemmene et prosjekt, enten alene eller sammen med andre i 4H-klubben. De velger selv tema for prosjektet, innenfor programområdene helse, kultur, samfunn, natur, dyr og gårdsliv, teknologi og mekking, entreprenørskap eller 4H-arbeid. Målet med prosjektene er å lære ved å gjøre. De fleste 4H-erne har en prosjekthjelper som gir råd og veiledning underveis.

Medlemsstyrt organisasjon

Et 4H-medlem lærer også mye om organisasjonsarbeid. Organisasjonen er medlemsstyrt, dvs. at det er medlemmene selv som bestemmer. De lokale klubbene gjennomfører hvert år et årsmøte der årsplaner og budsjett blir vedtatt på demokratisk vis, og styret blir valgt. Klubbstyret består av medlemmer, og de har ansvaret for å drive klubben gjennom et arbeidsår. På årsmøtet velger også medlemmene én eller flere voksne klubbrådgivere som gir råd, hjelp og veiledning til klubbstyret og klubben.

4H tilbyr kurs i lederopplæring, organisasjonsarbeid og ulike emner i tilknytning til 4H-prosjektene. Kursene blir arrangert på ulike nivå i organisasjonen. I tillegg har 4H-klubbene lokalt et bredt spekter av aktiviteter slik som turer i skog og mark, tevlingsdager, volleyballkamper, hyggeligheter, teaterarbeid, håndverk, matlaging og mye mer.

Leir

Hvert år får alle 4H-medlemmene tilbud om å være med på leir. Det er aspirantleir for de yngste og fylkesleir, landsleir eller nordisk leir for de eldste. De som har vært på leir en gang og har oppdaget leirlivet i 4H, reiser gjerne på leir år etter år. (Frå www.4h.no)



NOREGS MÅLLAG

Noregs Mållag er ein demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon med 17 fylkeslag og om lag 170 lokallag. Samskipnaden har 14 104 medlemmer (2020). Ungdomsorganisasjonen Norsk Målungdom har 1 455 medlemmer (2020). Noregs Mållag vart skipa 5. februar 1906, men dei fyrste lokale mållaga kom alt i 1861–62. I 1913 fekk Mållaget eigen administrasjon (skrivarstova) og blei ein effektiv samskipnad på landsplan. Noregs Mållag fekk dagens namn på landsmøtet i 1922. På det meste, i 1977, hadde organisasjonen om lag 17 700 medlemmer.

Noregs Mållag er ein av dei største språkorganisasjonane i verda.

Viktige årstal

- 1885 - Bokmål og nynorsk vert likestilte skriftspråk i Noreg
- 1907 - Sidemålsordninga i gymnaset vert innført
- 1930 - Den fyrste mållova, for å likestille bokmål og nynorsk i statstenesta, vart vedteken
- 1970 - Krav om at NRK skal bruke minst 25 % nynorsk vart vedteke
- 2014 - Grunnlova vart vedteken på nynorsk

STUDIEFORBUNDET

KULTUR OG TRADISJON




Studieforbundet kultur og tradisjon har 43 frivillige medlemsorganisasjonar som driv opplæring i kulturuttrykk og folkelege tradisjonar over heile landet.

Studieforbundet kultur og tradisjon har si ordinære finansiering med bakgrunn i Voksenopplæringsloven frå Kulturdepartementet. Studieforbundet kultur og tradisjon si rolle er motivasjon, utvikling, tilrettelegging og delfinansiering av omlag 5 000 kurs for nær 40 000 deltakarar i eit normalår. Opplæringa

går føre seg på mange arenaer og i ulike former – frå eit lite, enkelt kurs, med aktiv deltaking både i eiga og andre si læring, til fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar og uttrykk.

For Studieforbundet kultur og tradisjon er det viktig å sikre eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for alle. På fagområde der det offentlege tilbodet er mangelfullt, kan Studieforbundet kultur og tradisjon og medlemsorganisasjonane utvikle kursrekker som ligg opp til formell utdanning for å dekke eit behov. Vårt formål er at det skal vere mogleg for alle å lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap. (Frå www.kulturogtradisjon.no)




FRIFOND

Frifond er Norges enkleste og minst byråkratiske støtteordning for barn og unge. Vi gjør det mulig å drive med det dere har lyst til – der dere bor. For ungdomslaga er Frifond organisasjon nøkkelen til tilskudd: Støtteordningen Frifond organisasjon gir

tilskudd til lokallag i landsdekkende, frivillige og demokratiske organisasjoner. Midlene deles ut til sentralledet i organisasjonene, som fordeler det videre til sine lokallag. Søknadsfristen er 15. april. (Frå www.frifond.no)

KOMMUNANE

FRIVILLIGHEITA I NORGE OG ARENDAL



Det frivillige er ein hjørne-stein i norsk kultur- og samfunnsliv. Vi høyrer ofte at nordmenn er verdsmeisterar i dugnad. Organisasjonssamfunnet vaks for alvor fram frå ca. 1850 og fram mot 1900. Det var mange grunnar til det.

AV VIDAR AAS, KULTURKONSULENT I
ARENDAL KOMMUNE

Stort alkoholforbruk blant folk og sosial nød skapte grunnlag for fråhaldslag og sosiale foreiningar. Ei konservativ kyrkje gav grunnlag for folkelege religiøse strøymingar med frie kyrkjelydar og misjonsforeiningar. Industrisamfunnet vaks fram og dei første arbeidarforeiningane og yrkesorganisasjonane kom. Meir fritid blant folk og betre kommunikasjonar ga grunnlag for idrettsforeiningar og musikkorps. Nasjonale strøymingar førte til at mange ungdomslag, mållag og skyttarlag blei danna. Dårleg hygiene og smittsame sjukdomar, særleg tuberkulose, førte til sanitetsforeiningar og helselag.

I Arendal dukka det opp mange nye foreiningar frå midten av 1800-tallet og utover. Eit eksempel på det er Arendals Turnforening, som blei stifta 17. mai 1857, som den nest eldste i landet etter Christiania. Arbeiderpartiet blei stifta i Arendal i 1887 etter eit lokalt krakk og vaks blant anna ut frå fråhaldsforeiningar.

Det blei viktig for laga å vise seg fram. 17. mai var ein naturleg arena, med faner og musikk og stor festivitas. Det første borgartoget i Arendal, eller "procession" som dei kalla det, gjekk av stabelen 17. mai 1860.

Organisasjonane utførte ofte oppgåver som det offentlege ikkje makta sjølv og var eit mellomledd mellom styremakter og innbyggjarar. Dei var også ein skole i demokrati og viktige for å binde landet saman i åra før

unionsoppløysinga i 1905 og når den unge norske staten skulle byggast opp.

Vi hoppar 100 år fram i tid, til danninga av Frivillighet Norge i 2005. Frivillighet Norge er eit samarbeidsforum for frivillige organisasjonar. Dei arbeider for å sikre vekst og utvikling i frivilligheita og en heilskapleg frivilligheitspolitikk.

Frivillighet Norge har 300 medlemsorganisasjonar med over 50 000 lokallag. Tal frå Statistisk Sentralbyrå viser at det i 2018 blei utført over 150 000 årsverk med frivillig arbeid, ei verdiskaping på 83 milliardar kroner.

Og i Arendal kommune med rundt 45 000 innbyggjarar legg 700 lag og foreiningar ned over 1 200 årsverk, ei verdiskaping på over 700 millionar kroner.

Det er ei viktig oppgåve for kommunane å støtte opp om det frivillige arbeidet. Nokre kommunar har laga eigne frivilligheitsmeldingar. Det har ikkje Arendal, men vi arbeider etter intensjonane i Stortingsmelding nr 10 (Frivilligheitsmeldinga 2018/2019). Vi skal legge til rette for brei deltaking og medverknad ved å gi lag og foreiningar og frivilligsentralar gode rammevilkår, både gjennom gode tilskuddsordningar og gratis bruk av kommunale lokale. Vi har også jamlege møte med ulike typar lag og foreiningar, og deler kvart år ut ein kulturpris og ein frivilligheitspris. Saman skal vi markere Frivillighetens år i Arendal i 2022 på ein god måte og legge grunnlaget for framtidig samarbeid.

*Vidar Aas på talarstolen, i eit kontakt-
møte med frivillige lag og organisasjonar
i Arendal 18. november 2021. Å pleie dei
frivillige er ei viktig oppgåve for kommunen.*

Foto: Jan Kløvstad.





Fylkeskulturdirektør Heidi-Iren Wedlog Olsen i Møre og Romsdal. Heidi-Iren var styremedlem i Noregs Ungdomslag 2000-2001.

Foto: Terje Aamodt.

FYLKESKOMMUNANE

DEI FRIVILLIGE ORGANISASJONANE OG FYLKESKOMMUNANE

Fylkeskommunane sitt ansvar for kultur går fram av kulturlova. Lova har som mål å styrke kultur som samfunns- og politikkområde, og gje kultursektoren større tyngde og klårare status som offentlig ansvarsområde. Frivillig sektor er ein del av dette ansvarsområdet.

AV KULTURDIREKTØR HEIDI-IREN WEDLOG OLSEN, MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunane avgjer sjølv korleis dei vil prioritere sitt arbeid med frivillig sektor. For Møre og Romsdal fylkeskommune inneber dette at ein har lagt følgjande prinsipp til grunn for sitt arbeid med sektoren:

- Fylkeskommunen gir berre driftstilskot til regionale ledd av frivillige organisasjonar
- kven som kvalifiserer går fram av politisk vedtekne retningslinjer
- Fylkeskommunen gir berre prosjekttstilskot til tiltak som er i samsvar med prioriteringar i vedtekne planar, som fylkesplan og økonomiplan med budsjett
- Fylkeskommunen inviterer til kompetanseheevande møteplassar og driftar FrivilligFORUM, som er ein møteplass for samarbeid, kompetanse- og erfarings utveksling

POLITISKE PRIORITERINGAR

Sentrale prioriteringar i Møre og Romsdal fylkeskommune i perioden 2022-2025 er:

- Medverke til utvikling av ein relevant,

berekraftig og trygg frivillig sektor i Møre og Romsdal

- Støtte frivillig sektor sitt arbeid med å rekruttere, utvikle og å behalde dei frivillige
- Støtte tiltak og prosjekt som stimulerer til mangfald og inkludering av grupper som i liten grad er representert i det frivillig arbeidet

Fylkeskommunen har også valt å formalisere sitt samarbeid med nokre frivillige organisasjonar i skriftlege avtalar. Blant desse samarbeidsforumet Frivillighet Norge.

ØKONOMISKE TILSKOT

Møre og Romsdal fylkeskommune sine driftstilskot til regionale frivillige organisasjonar blir fastsett av hovudutvalet for kultur-, næring- og folkehelse, kvart år i februar. I 2021 vart det gitt ca. 10,5 mill. kroner i driftstilskot til desse. Driftstilskot til festivalar og andre kulturarrangement er ikkje med i denne summen. Nivået på tilskot

til frivillige organisasjonar er venta å vere på om lag same nivå i 2022. I 2022 er det også satt av 1,5 mill. kroner i prosjektmidlar som regionale frivillige organisasjonar kan søke om støtte frå. Inntil 1 mill. kroner av desse til markering av frivilligåret 2022. I tillegg kan aktørar i frivillig sektor søke om midlar frå ei rekke andre ordningar.

MØTEPLASSAR

Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer til to FrivilligFORUM kvart år. FrivilligFORUM er ein tverrsektoriell møteplass mellom frivillige lag og organisasjonar og mellom desse og fylkeskommunen. Ein stad for kompetansepåfyll, erfaringsdeling og ideutvikling.

I tillegg arrangerer fylkeskommunen årlege tilskotsseminar, fylkeskulturkonferanse og andre konferansar, samt samarbeidsmøte og planprosessar som også frivilligheita kan delta på.



EIT EKSEMPEL PÅ FRIVILLIG ORGANISASJON PÅ SITT BESTE

Humor, utvikling og godt samarbeid i Mjeldalen ungdomslag på Osterøy. Mjeldalen ungdomslag er eit lag som veit kva det står for, kva røter det har, og kva bygda og laget vil både det nærmaste året og i dei mange åra som kjem framover.

VERDIANE FOR LAGET

- Styrke kvarandre slik at me tør
- Vera stolt av laget
- Engasjement skapar rekruttering
- Ein trygg stad for folk i alle aldrar
- Oppretthalda og vidareutvikla våre aktivitetar og arrangement framfor å gape over alt
- Respekter at folk ikkje alltid har anledning
- Verdier som gir mest motivasjon: Humor, utvikling og godt samarbeid

Mjeldalen ungdomslag hadde 164 medlemmer i 2019, av desse er 72 under 26 år. Medlemstala var litt lågare enn for 2018, heiter det i årsmeldinga for laget i 2019. Det er rundt 500 husstandar i den delen av Osterøy som laget held til på. Det kjem ikkje av seg sjølv å kunne levere ei årsmelding som Mjeldalen kan gjere, år etter år.

I 2019 sat desse i styret: Jostein Mjelde (leiar), Silvia Sakstad (nestleiar), Arnhild

Løvteit (kasserar), Bjarte Rolland (skrivar) og Marthe Elisabeth Romslo. I tillegg har laget ei aktivitetsnemnd leia av Marthe Elisabeth Romslo. I denne nemnda sit, eller mykje rettare: arbeider, studieleiar Linda Svidal Nordås, barn- og leikleiar Maj Britt Litland, teaterleiar Eivind Helland, Olav Nesthus frå seniorlaget og fem «uavhengige» nemndmedlemmer: Bianca S. Skår, Frøydis Hanstveit, Nora Riple Fanebust, Marianne Sivertsen og Eli Hauge. Husstyret med Audun



Rolland som leiar har tre medlemmer, og i tillegg er leiaren i laget fast medlem for å sikre forankringa. Laget har to årsmøtevalde revisorar, og så den viktige valnemnda med Torbjørn Hetlevik, Maj Britt Litland og Kristian Loeshagen. Til saman er det 24 tillitsvalde. Det blir lagt mykje flid i å få

styret til å vere eit fellesskap. Alt 19. januar var det arbeidsmøte på Hotel Norge i Bergen for å gå gjennom årsmelding, medlemslister, oppdaterte rutinar og arbeidsfordeling, og det vidare arbeidet med aktivitetane utover våren. Laget har årshjul og handlingsplan som blir oppdatert og fornya kvart år.

I 2019 var 60 medlemmer på teaterscenen, instruert av ni instruktørar. Dei spelte 22 framsyningar for til saman 2 055 tilskodarar. I 2017 var det 20 framsyningar for 1 465 tilskodarar, og i 2018 var det 1 465 som såg på 18 framsyningar. Her er eit skjematisk oversyn for 2019:

Gruppe	Deltakarar	Instruktørar	Tittel	Forfattar	Framsyningar	Publikum
Barneteater 4–7 klasse	18	Maj Britt Litland Nora Mjelde Litland	<i>Folk og røvere i Kardemomme by</i>	Thorbjørn Egner	5	505
Ungdomsteater f.o.m. 8. klasse	15	Bianca Skår Eivind Helland Jostein Mjelde Marthe E Romslo	<i>Jegertimen</i>	Hanne Hagerup	4	375
Vaksenteater f.o.m 18 år	18	Cecilie Mathisen Sebastian Haugland Jostein Mjelde	<i>Smiley Hotel 2</i>	Sjølvskrive	11	1 010
Revy*	9	Kristina Stokken	<i>MULig surprise</i>	Sjølvskrive revy	2	165
Sum	60				22	2 055

*50 prosent av billettinntektene frå revyen blei gitt i gåve til «Osterøyhjelpen», totalt 9288 kroner.



▲ Dorte Mjøs i aksjon frå framsyninga til ungdomsteatergruppa i 2017.

Foto: Jostein Mjelde, 2017

▼ Medlemmer i barneteatergruppa i 2019 sminkar instruktør Nora Mjelde Litland. Frå venstre Heidi Daltveit, Kaia Bruvik, Adele Nesthus, Ronja Espevoll, og ho med ryggen til er truleg Thea Bø

Foto: Jostein Mjelde, 2019



UNGDOMSTEATERGRUPPA TIL BERGEN OG OSLO


Ungdomsteatergruppa deltok i det nasjonale prosjektet Den Unge Scene. Dette prosjektet blir arrangert annakvart år for teatergrupper i heile landet. Etter søknad var Mjeldalen UL ei av åtte grupper frå Hordaland som fekk delta i Den Unge Scene. Her fekk gruppa velje blant fem nyskrivne manus for ungdom, og valet fall på *Jegertimen*, som er skriva av Hanne Hagerup.

Etter framsyningane i Mjeldalen blei stykket framført på den regionale festivalen på Den Nationale Scene i Bergen 28–30. mars. Vinnaren på denne regionale finalen gjekk

vidare til landsfinale i Oslo på Det Norske Teatret. Ungdomsgruppa i Mjeldalen gjorde ein flott innsats og fekk mange gode tilbakemeldingar frå juryen. Også forfattaren kom med godord om måten gruppa hadde tolka og løyst historia.

Dette var ei svært minnerik oppleving for dei femten ungdommane. Å møte alle dei andre gruppene, få inspirasjon på kurs og samlingar og å få prøve seg på ei større scene i Det Norske Teatret med profesjonelle scenearbeidarar og teknikarar, effektive sceneskift og alt som høyrer med på eit stort teater, var sjølv sagt noe ungdommane alltid vil ha med seg.

Sjølve stykket handla om det aller beste og det aller verste som kan skje med Lukas på halloweenfesten til Lena. Lukas hugsar ingenting, men det forandrar seg når Charity Case tar han med ut av limbo og tilbake til festen for å finne ut kva som skjedde. *Jegertimen* er eit surrealistisk teaterstykkje om identitet, seksualitet og sjølv-mord. På landsmøtet i Noregs Ungdomslag blei stykket presentert med ein filmsnutt, som del av eit inspirasjonsforedrag for heile landsmøtet. I denne filmsnutten kom landsmøteutsendingane inn i handlinga da «inntrengaren» blir avslørt som homofil og dermed ein som ikkje passar inn i bygda.



Ungdomsgruppa tolka dette med stor innleving, og det kjentest godt når ein klarer å formidle ein så sterk bodskap på ein måte som gjer at publikum blir dratt inn i historia med både latter og tårer.

KARDEMOMME BY FOR DEI YNGSTE

Barneteatergruppa hadde stor suksess med

Folk og røvarar i Kardemomme by. Det var ei kjekk oppsetting med både song, dans og teater – og publikumsrekord for barneteateret med over 500 publikummarar. Det var også ei eiga skoleframsyning for alle elevane ved Haus skule. Veldig kjekt og mange gode tilbakemeldingar både frå liten og stor. Frå hausten 2019 var det øving på

nye stykke, med mange av dei same instruktørane og to i tillegg. Teaterframsyningane gav også i 2019 god økonomisk gevinst. 17. mai hadde vaksenteateret premiere på det sjølvskrivne stykket *Smiley Hotel 2*, som samla 112 tilskodarar. Etterpå var det pubkveld. Teaterpremieren har no blitt ein lang tradisjon, og ungdomslaget godt synleg på 17. mai-programmet. Mjeldalen UL har eit godt «rykte», og publikum kjem frå Osterøy og omkringliggande kommunar. Dette er svært gledeleg og er eit resultat av mange gode forestillingar gjennom ei årrekke.

LEIKARRING, TEATERLEIKAR OG HOBBY

Dei aktive instruktørane Anita Løvteit, Lena Heimvik, Malin H. Bøe og Malin Løvteit tok ansvaret for 1.–3.-klassingane, med leikarring, teaterleikar og hobby. Dei yngste hadde danseoppvisningar både i søndagskafé, i Stokkestreeten 1. mai og ved julegateopninga.

DISKOTEK OG DANSAR

Dei tre lågaste klassetrinna på Haus skule blei invitert på tre «temadiskotek» med tema som karneval, «back to school» og halloween, og eit juleball. Frammøtetal var 20, 20, 42 og 30. Mest populært var halloweendiskoteket. Dei litt eldre elevane fekk det same tilbodet, og eit «etter-teaterdiskotek» i tillegg. For dei vaksne med 18-årsgrense var det diskotek/dans både på godt besøkte pubquizar (frå 80 framømte og oppover) og på teater med kaidans etterpå. For å vere blant dei 70 gjestane på smalahovefesten på ungdomshuset (for tolvte året på rad!) måtte dei svoltne vere over 20 år. Til saman 906 dansande på 17 dansearrangement viste oppteljinga.

Felles for ungdomslagets arrangement er at dei er godt gjennomført, at publikum kosar seg, og at folk stiller velvillig opp som medhjelparar. Dette motiverer til nye arrangement og aktivitetar i 2020, skreiv styret i årsmeldinga.

*«Å rulle ut ein raud løpar på juleballa
for barn gjer også sitt for å løfte
stemninga og vise ungane at
dei blir sett stor pris på.»*

VARIASJON

Det er mange tradisjonar i Mjeldalen ungdomslag, og felles for dei fleste av dei er den lokkande blandinga av tradisjon og nyskaping. Medlemmer og bygdefolk veit mykje om kva dei får oppleve, men ikkje alt. Det er stadig nye overraskingar. Både søndagskaféen i januar og olabilløpet «Mjeldalen Grand Prix» i «Stokke-streeten» 1. mai har blitt årlege tradisjonar. I 2019 deltok åtte sjåførar i eit olabilløp med innlagte stopp- og svingpostar.

Det var bra publikumsoppmøte og god stemning blant dei frivillige. Sikkerheita vart prioritert med både frivillige frå Røde Kors, sikring av løypa og eigen test av olabilane før start. I tillegg til sjølve løpet var det sal av grillmat, bøttelotteri, sminkebu, kast på boks etc. I den gamle smia var det omvising denne dagen, og det var underhaldning med dans frå barnelaget. Å rulle ut ein raud løpar på juleballa for barn gjer også sitt for å løfte stemninga og vise ungane at dei blir sett stor pris på.

Å LÆRE OG Å LÆRE FRÅ SEG

Den siste helga i april deltok leiar Jostein Mjelde og skriar Bjarte Rolland på landsmøtet til NU i Oslo. Der hadde dei også inspirasjonsforedrag for landmøtet om lagsarbeidet i Mjeldalen. Under landsmøtehelga var Anita Løtveit og Nora R. Fanebust på instruktørkurs i dans og teaterleik. Ingeborg Revheim og Erlend Lid var på sommarleiren i NU på Skogn folkehøgskole. Det var meldt inn kurs til Studieforbundet i samband med dei ulike teatergruppene og dansegym. Totalt 395 kurstimar.

DEI ELDSTE

Mjeldalen har eige seniorlag, i 2019 med Torhild Faugstad som leiar og styremedlem Olav Nesthus som kontaktperson til resten av ungdomslaget. Seniorane hadde fire styremøte og sju medlemsmøte og ein sommartur til Sunnmøre med tettpakka program. På møta har det vore tema som trafikkisikring i Haus, «Historia om Lions Klubb frå den blei starta og fram til i dag» ved Ove Reigstad, «Gamle sagn frå Osterøy» ved Signe Mjelde Nordås og Leif Mæhle, «Barndomsminne frå Haus» ved Signe Mjelde Nordås og Ellinor Langhelle, «Bilde frå turen til Sunnmøre», Øyvind Litland fortalde om ungdomstida i Haus og om tida som frivillig i brannvesenet i Haus, Bjarne Langhelle fortalde om barndom og skoleveg til og frå Langhelle på jernbanelinje og i jernbanetunnel, og Signe Mjelde Nordås hadde bildequiz frå Haus. Seniorlaget har også halde seg med eigne musikarar, med Johannes Stokke med trekkspillet og Målfrid Helland som vikar på piano innimellom.

Seniorlaget har hjelpt til med servering og diverse i ungdomshuset på smalahovesteven til MUL, og ungdomslaget har tilsvarande hjelpt til med servering på årsfesten i seniorlaget. Medlemmer i seniorlaget er også med på dugnader på ungdomshuset kvar torsdag store delar av året.

UNGDOMSHUSET

På eit hus bygd i 1934 er det alltid nok å gjere. Det var utbygging med universell tilkomst og teaterrom i 2015. Planlegginga starta i 2009 for ei investering på drygt 4, 1 millionar kroner. Takk vere grundig

planlegging og tolmod, kartlegging av behov for alle aldersgrupper og funksjonsnivå, velorganiserte dugnader, romslegheit med takk og anerkjenning og ein gjennomarbeid finansieringsplan stod det nyrestaureerte ungdomshuset ferdig i 2015. Det var ikkje lange pausen før arbeidet heldt fram: I 2019 blei taket i salen oppe isolert med sprøyteisolasjon, og golvet i den same salen blei etterbehandla med hardvoksolje. Det blei også montert lydplater i kjellaren, foajéen og sminkerommet og kjøpt inn nytt bestikk og nye glas. Neste steg er kaffiservice.

INNTÆKTENE

Mykje av inntektene kjem frå sjølve aktiviteten i laget. Men det er behov for meir, for å gi alle i bygda tilbod heile året, år etter år. Heller ikkje inntektssida i eit budsjett og ein rekneskap kjem av seg sjølv. Tilskot for året 2019 var fordelt som tabellen nedenfor.

	Antall kroner
Folkekulturforbundet (studieforbundet)	37 980,00,-
Frifond	35 910,00,-
Momskompensasjon	47 577,00,-
Norsk Tipping (Grasrotandelen)	69 090,71,-
Sparebanken Vest	20 000,00,-
Flugger	347,00,-
Totalt utgjorde dette	210 904,71,-

I tillegg hadde laget i meldingsåret hatt boklotteri med å gå på dørene ei veke før søndagskaféen og ha trekninga på kaféen, der det også var åresal. Bøttelotteri under Mjeldalen Grand Prix gav også solid inntekt.



KAFFIKOPPEN KULTURELLE KRAFT

EIT HISTORISK TILBAKEBLIKK PÅ NORSKDOMSRØSLA EIGA SETELPRESSE

Det har vore skrive mykje om alt det store som er utført i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, men lite om kor dei fekk pengane frå. I boka Kaffikoppens kulturelle kraft (Bokhuset Forlag, 2021) med undertittelen «Historisk oversikt over lagsbruka

– forretningsverksemdene innan Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag frå 1901 til 2020» presenterer Nils Seland dei frilyndte pengemaskinene: kaffistovene, bondeheimane og andre forretningar landet rundt. Desse «ungdomshusa i byane» var eigd av ungdomslag og mållag og var svært viktige møtestader og pengekjelder for norskdomsrøsla lokalt, på fylkesplan

og på landsplan. Det var også kaffikoppens kulturelle kraft frå desse idealistiske forretningstiltaka som blei den økonomiske grunnmuren i Det Norske Teatret. Med testamentarisk gåve til Noregs Ungdomslag etter Kåre Kolås, ein av dei store veteranane i lagsbruka, har Nils Seland arbeidd både med heimesida www.lagsbruk.no og med bokutgiving i jubileumsåret.



Bildetekst inn her.....

Foto:

Man tager og man tager, men man sier ikke hvor man tager det fra, harselerte Arne Garborg i si tid med kokeboka til Hanna Winsnes. Noe liknande kan ein tenke om arbeidet i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, særleg i første del av historia om desse organisasjonane. Det har vore skrive mykje om alt det store som er utført av desse to folkerørslene, men lite om kor dei fekk pengane frå. Dette bøter denne viktige boka på. Nils Seland auser av den store kunnskapen sin om den verksemda som har vore – og den som ennå finst.

Lagsbruk er eit omgrep som er brukt i miljøa i og omkring Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, også kalla norskskolelære. Eit lagsbruk er eit forretningstiltak som er eigd og/

eller drive av eit lag eller ein organisasjon. «Kaffistova» og «Bondeheimen» er dei mest kjente namna som blei brukt på slike forretningstiltak. Den første Kaffistova blei etablert av Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) i 1901.

Etableringane hadde tre hovudformål:

- Skaffe husrom til laget sin administrasjon og den kulturelle verksemda
- Tene pengar til sosialt og kulturelt arbeid
- Profilere laget i form av f.eks. mat, arkitektur/inventar, språk og anna kulturvern

I tillegg ser ein nok også at etableringane til tider har vore ein del av ei generell sosial reising i dette arbeidet, at bønder og andre

ubemidla bygdefolk på bytur skulle få bu på verdig vis og dermed få den statusen dei fortente.

I boka tar Seland for seg både den allmenne historia, pionerar, arkitektur, kunstnarar og dei som arbeidde på kaffistover og bondeheimar. Den største delen av boka er ein systematisk presentasjon av alle lagsbruka frå Kirkenes langs heile kysten og heilt opp i tettstadene i dalane på Austlandet.

(Frå Jan Kløvstad: Levande lokalkultur. Noregs Ungdomslag 1996-2021. Bokhuset Forlag 2021)



ER DET FRIVILLIGE NORGE I ENDRING?

*Slik skal det helsa
dei nye ættene
frå alle som gjorde si dugnadsplikt:
-Hit nådde me.
Bygg no vidare, de,
på dette!*

Forfattaren Pål Sundvor avslutta prologen sin med desse orda, da det nye ungdomshuset Breidablikk i Sævareidfjorden ungdomslag blei opna etter solid dugnadsarbeid i romjula 1979. Det låg også eit program i kva slitet og arbeidsgleda i uendeleg mange timar skulle føre fram til:

*Slik vart det bygd på heimleg grunn
det aller første ungdomshuset
Der ingen fekk kjenne seg utestengd,
der kvar ein fekk vera velkomen inn.*

Dugnadsarbeidet, den frivillige innsatsen har ofte gitt konkrete resultat. Eit ungdomshus, ein idrettsplass, ein skibakke, eller ein tursti. Men det aller meste av dei mange timane, dagane, kveldane, vekene, månadene og åra har gitt heilt andre resultat, sa ein annan forfattar, ungdomslagsleiaren Sven Moren i ein festtale til landsstemnet i Noregs Ungdomslag i 1929: *Vi kan ikkje godt stige fram og peike utover bygd og ny og seia – sjå, dette er vårt verk! Arbeidet har ikkje vore av det slaget at det ruver so svært utetter. Det har for det meste vore eit arbeid innerter – i kjenslelivet, i vilje og syn og karakter.*

Men korleis står det til med dugnadsarbeidet og anna frivillig innsats i vår tid, i åra fram mot Frivillighetsåret 2022? Forskarane Dag Wollebæk, Per Selle og Håkon Lorentzen

skreiv ein grundig rapport i 2000, mykje bygd på ei stor spørjegransking i 1998. På den tida var heile 54,3 % med i frivillig arbeid, og det var dei frivillige organisasjonane som dominerte, med 80 % av all registrert innsats og heile 126 000 årsverk. Verdien blei rekna til 31 milliardar kroner. Forskarane delte inn frivilligheita i ulike organisasjonstypar, som idrett, kultur/miljø/naturvern, sosiale og humanitære organisasjonar, religion, arbeidsliv, velforeiningar og liknande, hobbyforeiningar, politiske parti, internasjonalt retta organisasjonar, kvinneorganisasjonar og andre. Det er i dei fire første vi finn den største frivillige innsatsen, målt i årsverk er det tre fjerdedelar av all frivillig innsats. Dei første landsomfattande, breie frivillige organisasjonane i Norge vaks fram frå 1840-talet. Men dugnad og lokal organisering var

kjent lenge før det. Haugianarørsla frå sist på 1700-talet var ei tidleg folkeleg mobilitisering, Selskapet for Norges Vel frå 1809 og dei første sparebankane frå 1820-talet hadde klare sosiale siktemål, både for å hjelpe sjuke og eldre som ikkje kunne klare seg sjølve økonomisk og eit ideologisk og praktisk mål om at folk skulle lære seg sparing og måtehald framfor drikking, som var eit enormt samfunnsproblem. Det norske Afholdenhetselskab blei grunnlagt i 1844, og hadde saman med Den norske Forening mot Brændevinsdrik til saman 40 000 medlemmer i åra 1850-1855. Det er høge tal i eit land med rundt 1,5 millionar menneske. Misjonsforeiningane kom, med Det norske Misjonsselskab (1842), og rundt 1850 kom både Marcus Thranes arbeidarforeiningar og Selskapet for Folkeopplysningens Fremme (1851).

Fråhaldsorganisasjonane var som nemnt tidleg ute, både i Norge og Sverige. I boka Tankar om politik (Ersatz, 2010) hentar den tidlegare kulturministeren Bengt Göransson fram noen setningar frå svenska Godtemplatrordenens leiande teoretikar Jalmar Furu-skog om rolla dei tidlege folkerørslene spelte:

Alla ha det gemensamt att de äro uttryck för en stigande tendens hos det enkla folket att ta saker och ting i egna händer, att organisera, att agitera och framskapa något till mänsklighetens och samhällets bästa (...)

Folkrörelsernas största gåva till människorna är känslan av eget ansvar, egen förmåga att förändra världen, känslan av att idelaen i stor utsträckning kan förverkligas och att människans goda vilja kan organiseras till skapande makt.

Dette er store ord, som vi kjenner igjen i gamle ungdomstalar. Og enda viktigare: i praktisk arbeid på kjøkenet, i dugnadsarbeidet, i organiseringa og utøvinga av aktivitetane.

Korleis fungerer folkerørsla og det frivillige organisasjonslivet i dag?



Foto: Unsplash

Aukande mobilitet og kommunikasjon har auka sjansane for at enkeltmenneske kan ha kontakt på tvers av lokalsamfunn. Alt før internettalderen starta for fullt, kunne forskarane sjå denne utviklinga. Den enkelte kan i større grad velje interessefellesskap over større geografiske avstandar, i staden for å vere med i ein frivillig organisasjon nær knytt til heimstaden. Alt frå 1995 kunne ein sjå at grenadenivået ikkje var så dominerande som lågaste nivå, men at det handlar stadig meir om at det er eit felles lag for ei felles interesse på kommunenivå. Ungdomslaga er blant dei som er blitt, eller kan bli, svekka av dette. Også ein del allsidige og altomfattande idrettslag er blitt svekka i konkurranse med spesialidrettslag som orienteringsklubbar,

ulike kampsportsklubbar, tennis, sykling og andre idrettsaktivitetar som sjeldan hadde mange nok interesserte til å skape eit miljø på grende- eller skolekretsplan. Historielaga ser ut til å halde stand. I Arendal kommune er det framleis sju lokale historielag i 2021, og ingen planar om samanslåingar. Det er også fem ungdomslag, og der kan vi sjå nært samarbeid der medlemmer i eitt lag også dansar fast i nabolaga i kommunen, og i ungdomslag i Grimstad. Perioden med aktive fylkesringar for ungdommar i Noregs Ungdomslag var ei god tilpassing til at organisasjonsdeltakinga i små bygder minkar i tenåra, og at fylkesringane forlenga danseaktiviteten. For mange av dei som var med har det ført til danseaktivitet også ved

«Organisasjonane er viktige både for det interne demokratiet, som også har gitt grunnlag for oppbygging og styrking av norsk demokrati som vi kjenner det i dag.»

flytting i vaksen alder, kanskje nettopp fordi fylkeslag i Noregs Ungdomslag og landslaget klare å organisere slik at ungdommane ikkje ramla ut av rørsle.

Organisasjonane er viktige både for det interne demokratiet, som også har gitt grunnlag for oppbygging og styrking av norsk demokrati som vi kjenner det i dag. Frå dei store breie folkerørslene, med ungdomslaga som eitt av fleire gode eksempel, har det vakse fram, deltakarar og leiingar som har gjort viktig arbeid i kommunestyre, fylkesting, storting og regjering. Nyare tid har det vakse fram organisasjonar som ikkje har lagt vekt på det interne demokratiet. Fleire av dei er heilt utan intern demokratisk struktur. Eksempel på dette er Miljøstiftelsen Bellona, som aldri har vore tradisjonell medlemsorganisasjon, og Kirkens Bymisjon, som har utvikla seg frå medlemsorganisasjon i Oslo (Oslo Indremisjon) til ei stifting. Denne typen organisasjonar er straumlinjeforma, spesialiserte, sentraliserte og profesjonelt effektive, skriv forskarane Selle, Wollebæk og Lorentzen i boka *Frivillig innsats. Sosial integrasjon, demokrati og økonomi* (1998). Mens medlemmer i ungdomslaga har vore vane me då bruke den demokratiske retten sin til å kome med forslag, stille på medlemsmøte og årsmøte, la seg velje til verv eller ta på seg oppgåver, er medlemsrolla i denne nye typen organisasjonar mest å gi økonomiske bidrag eller stille opp til klart definerte oppgåver utforma av andre.

Desse organisasjonane spelar likevel ei viktig rolle i norsk demokrati, fordi dei har ein spesialkompetanse, ei fagleg basert innsikt på eit avgrensa felt. Talet «medlemmer» eller økonomiske bidragsytarar er viktig for å gi tyngde. Det er også slik at passive

medlemmer kan vere minst like opptatt av at organisasjonen skal takle deira sak, enn det vi kan sjå i tradisjonelle kultur- og interesseorganisasjonar. Men om intern-demokratiet i organisasjonane blir svekka som ein verdi i seg sjølv, kan også verdien av den formelle medlemsskapen bli sett under press. Medlemsskap blir mindre viktig fordi det ikkje finst formelle kanalar å utøve medlemsvekt gjennom. Nokre organisasjonar prioriterer fleksibilitet, tempo og evne til å ta raske avgjerder for å få stor påverknadskraft utan å ha ein demokratisk medlemsbase. I sterkt aktivitets- eller aksjonsretta organisasjonar, som innanfor delar av miljørørsle, kan det frivillige arbeidet og det vi kan kalle ryggrada i organisasjonsdemokratiet, medlemsskapen, skilje lag. I ein slik modell ønsker folk å gjere ein innsats på område dei er spesielt interesserte i, men dei bryr seg mindre om kva slags type organisasjon eller institusjon arbeidet blir gjort i. Deltakarane har mindre interesse av eller moglegheit til å styre den frivillige organisasjonen og det frivillige arbeidet organisasjonen driv. I organisasjonar som arbeider primært med politisk påverknad kan utviklinga føre til at påverknadsarbeidet utover på vegner av eit felles engasjement blir styrka, og at det interne demokratiet blir svekka. For mange er resultatet blitt viktigare enn om vedtaka er gjort på demokratisk vis. Den dannande rolla organisasjonane har spelt, - den vi ofte kallar ein skole i demokrati, blir svekka.

Medlemsrolla og det lokale leddet i organisasjonssamfunnet er under press. Fleire forskarar har sett på dette. Ei gransking i 1986 (M. Wikborg, *Undersøkelse om deltakelse i frivillige organisasjoner*. NOU 1988:17) viste at 88% av det frivillige arbeidet blei utført av medlemmer i organisasjonane

dei arbeidde for, mens det seinare er vist meir «punktfrivillighet» ved at folk gjerne stiller som frivillige i ein festival, eit enkeltarrangement eller ei førehandsavtalt rekke av arrangement. Det er også dokumentert at Wollebæk, Selle og Lorentzen (1998) analyser denne utviklinga slik: «Plassert mellom de to ytterlighetene – den lokale og aktivitetsorienterte og den sentraliserte og resultatorienterte organisasjonsmodellen – befinner de tradisjonelle medlemsorganisasjonene seg, og de opplever at rekrutteringen svikter og aktivitetsnivået synker. Konsekvensen av en slik utvikling kan være at de frivillige knyttes til organisasjonene med færre og svakere bånd enn tidligere. (...) Videre blir demokratiske rettigheter mindre viktige når selve aktivitetene eller resultatene står i sentrum. Demokratiske strukturer blir dermed overflødige, ja i gitte situasjoner kan de til og med bli til hinder.

Mens tidligere generasjoner har vokst opp i et organisasjonssamfunn preget av folkebevegelser og brede, demokratisk baserte medlemsorganisasjoner, sosialiseres de yngste inn i et annerledes samfunn og en mer mangfoldig og omskiftelig organisasjonsvirksomhet. Det er ikke usannsynlig at de yngstes holdninger varsler at verdigrunnlaget den demokratiske medlemsorganisasjonen hviler på er i ferd med å tilpasse seg retningen organisasjonssamfunnet utvikler seg i.

Vektleggingen av organisasjonens demokratiske rolle har vært et særtrekk ved den skandinaviske frivillige sektoren, i motsetning til den mer resultat- og økonomisk orienterte angloamerikanske modellen. Dette er i fremdeles i stor grad tilfellet.»

Men mykje tyder på at denne utviklinga er blitt enda sterkare dei siste tiåra. Ei slik utvikling skapar eit omstillingsbehov i dei breie medlemsbaserte organisasjonane, ei stor utfordring i den framtidige rekrutteringa av aktive deltakarar og ei endring av dei frivillige organisasjonane si rolle i samfunnet.



1996-2021

NOREGS UNGDOMSLAG

Noregs Ungdomslag er blant dei breie kulturorganisasjonane som har klart seg best i desse omstillingane i det frivillige Norge. Medlemstala dei siste 25 åra viser nedgang, men atskillig mindre enn dei fleste andre. Tal ungdomslag har gått meir ned enn medlemstalet.

MEDLEMMER

År	Totalt	Over 26 år	Under 26 år	Under 14 år
1996	20 519			
1997	19 116			
1998	16 315	11 791	1 248	3 276
1999	15 442	11 131	1 053	3 621
2000	15 746			
2001	15 377			
2002	16 457			
2003	16 320			
2004	16 443			
2005	16 504			
2006	16 113			
2007	16 114	10 347	5 767	
2008	16 643	10 703	5 970	
2009	16 956	10 687	6 269	
2010	16 762	10 516	8 928	
2011	14 143*	8 928	5 215	
2012	13 550	8 407	5 143	
2013	13 164	8 122	5 042	
2014	13 361	8 125	5 236	
2015	13 589	8 508	5 081	
2016	13 239	8 255	4 984	
2017	13 990	8 767	5 223	
2018	14 499	9 530	4 969	
2019	13 384	8 472	4 912	
2020	10 083, stipulert til ca. 11 400	6 601, stipulert til ca. 7460	3 482, stipulert til ca. 3900	Foreløpige tal pr 28.2.2021**

LOKALE UNGDOMSLAG (NOEN ENKELTÅR):

1995: 700 lag
 2004: 468 lag
 2005-2009: 446 lag
 2010: 412 lag
 2014: 357 lag
 2020: 341 lag

**Innføring av nytt medlemsregister 2011 gjorde at medlemmer blei registrerte berre det året dei betalte. Tidlegare praksis var at dei blei ståande som medlemmer til lokallaga eller NU-kontoret sletta dei.*

***Ut frå endringane i medlemstala frå registrering i januar-februar til endelege tal i september kvart år dei siste fem-seks åra, er det grunn til å tru at endeleg medlemstal for 2020 er ca 11 400.*

Kjelder. Årsmeldingane 1996-2020, og Ottar Grepstad: Nynorsk faktabok 1998 (oppdatert 2015)



LESEPLAN

Runde 1: Side 2-9

Runde 2: Side 10-16

Runde 3: Side 17-22

Innleveringsfristar: 23. februar, 16. mars og 8. april

REGLAR FOR KVEN VEIT?

I denne landsomfattande kunnskapstevlinga testar vi allmennkunnskapen vår. Kvart år vert det i tillegg valt eit eige tema som deltakarane kan førebu seg spesielt til gjennom eit eige studiemateriell. Gjennom tre tevlingsrundar svarar deltakarlag på spørsmål som dei får tilsendt frå Noregs Ungdomslag. Det er flest allmenne kunnskapsspørsmål.

ALDERSGRUPPER

Kven Veit? er mest for deltakarar over 14 år, men har ingen øvre eller nedre aldersgrense.

LOKAL TEVLINGSLEIAR

- Kvart ungdomslag som er med må ha ein tevlingsleiari som skal ha ansvaret for gjennomføringa av dei tre tevlingsrundane lokalt.
- Tevlingsleiaren er kontaktperson for laget, og får tilsendt materialet frå Kven veit-sekretariatet.
- Tevlingsleiari får tilsendt spørsmåla før kvar tevlingsrunde og skal returnere dommarskjema frå laga til Kven Veit-sekretariatet så kjapt det let seg gjere etter at tevlinga er gjennomført i oppmodar laga om å tenke på miljøet og sende svararket i retur på e-post eller som MMS-bilete til Kven Veit-sekretariatet på christoffer@ungdomslag.no eller mob. 48 00 48 17.

DOMMAR

- Ungdomslaget oppnemner ein dommar som skal ha tilsyn med at tevlingsrundane vert gjennomførte etter reglane.
- Dommaren skal kontrollere svara frå gruppene mot fasitsvara og føre poengsummen inn på dommarskjema.
- Det treng ikkje vere same person som er dommar alle tre rundane.

TEVLINGSLAG

- Kvart ungdomslag kan stille med fleire lag som tevlar.

- Tevlingslaga i Kven Veit? kan ha inntil 5 deltakarar på tevlingsrunden.
- Merk at tevlingslaga treng ikkje ha dei same 5 deltakarane gjennom heile Kven veit?, men kan ha ulik samansetning for kvar av dei tre tevlingsrundane.

TEVLINGSRUNDANE

Tevlingsrundane i 2021 skal gjennomførast lokalt av ungdomslaget før

23. feb	Innleveringsfrist 1. tevlingsrunde
16. mars	Innleveringsfrist 2. tevlingsrunde
8. april	Innleveringsfrist 3. tevlingsrunde

PRAKTISK GJENNOMFØRING

- Tevlingsleiaren skal gå gjennom reglane med deltakarane før spørjerundane tek til. Bli gjerne einige på første tevlingsrunde korleis de ønskjer å gjennomføre tevlinga.
- Kvar gruppe skal få utdelt kladdepapir og eit svararket som gjeld for heile tevlingsrunden (før var det svarslippar til kvar enkel kategori)
- Spørsmåla er delt inn i kategoriar som har tre spørsmål. Tevlingsleiaren les opp ein kategori med spørsmål (altså tre spørsmål) om gongen.
- Spørsmåla treng ikkje å bli delt ut, men sjå til å lese spørsmåla tydeleg slik at alle får dei med seg.
- Det er ikkje ei fastsett tid på kor lenge de skal bruke per spørsmål. Her styrer tevlingsleiaren ut ifrå kva gruppene ønskjer eller korleis det verkar som at laga ligg an etter kvar kategori.

- Tevlingsleiaren/dommaren kan vurdere om dei vil samle inn svararka midt i tevlingsrunden og ta ein pause med stillinga så langt.
- Når tevlingsrunden er gjennomført leverer kvar gruppe alle sine svar inn på eit svarark.
- Dommaren ser over svarskjemaene og gir poeng. Tevlingsleiaren ser over at dette stemmer. Dommaren skal saman med tevlingsleiaren skrive under på svarskjemaene og gå god for at tevlingsrunden er utført i samsvar med reglane.

INNSENDING AV SVAR OG POENG

Svararka frå alle gruppene skal sendast samla til Kven Veit-sekretariatet så snart det let seg gjere. Helst på e-post til: christoffer@ungdomslag.no.

PROTESTAR

Evt. protestar skal vere skriftlege, og må sendast inn saman med svara. Resultat etter kvar tevlingsrunde vert presentert på www.ungdomslag.no/kvenveit. Det beste laget i kvar klasse etter tre tevlingsrundar vert kåra som vinnar.

TILSKOT TIL STUDIERING

Deltakargruppene i Kven veit? kan melde tiltaket inn som opplæringstiltak til Studieforbundet kultur og tradisjon. Studieringen må vere samla i minst 4 timar, og kurset blir godkjent når minst fire av deltakarane over 14 år har 75 prosent frammøte. Alle deltakarane skal stå på frammøtelisten. Godkjent studieplan må vere med i søknaden.